

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7.

Emnenr. 6. Følge musikkinstrument. Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Grong.

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag: Indre-Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken. Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim. G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. AV eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Instrumentet lur kjenner ein lite til her i bygder-
na og ein trur ikkje at luren har vore nokko nasjo-
instrument. Ein lur av olderbork kunde gjøtarane
laga seg men det vart ingen riktig tone i den. Å
spalta eit halmstrå for å skapa tone i ein slik
lur veit ein ikkje å ha høyrd. Gjøtarane kunde laga
seg eit bukkehorn med ei tunge av ein einekvist
men nokko meir enn dette veit ein ikkje å ha høyrd
nemnt frå den eldre tid.
2. Namn som halme, harpipe kan ein ikkje minnast å ha
hørd nemnt.
3. Når det gjeld rangler er bygda her fattig når det
gjeld nokko slikt. Det einaste ei har høyrd nemnt
er kråksmell for å skræmma kråka men korleids ei
slik smell var laga er ukjendt no. Det hendte at
når hestane frå nabogardane kom inn på annanmands
beiteland at dei kunde sleppa nokre småstein i eit
blikkspan og ramla med for å skræmma dei attende
på heimehamna igjen.
4. Å laga smell med å blåsa ein papirpose full av luft
veit ein om og å laga smell med klokkeblomen kjer-
smell. Nokko utanom dette minnes ein ikkje. Smell
som salut høyrer den seinare tid til og då vert det

brukt dynamitt. Men slikt vert brukt berre ved særskildte høve som t. d. 1 og 17 mai. At det har vore nokko slag truer at dette skulde verna mot vonde makter har ikkje vore fortald.

5. At nokko slags lyder skulde driva burt vonde ånder, sjukdom og ulukkor eller uver og vanheppor har ein heller ikkje hørd frå denne bygda.